

Skriftlig spørsmål fra Kjersti Toppe (Sp) til samferdselsministeren

Dokument nr. 15:1272 (2015-2016)

Innlevert: 10.06.2016

Sendt: 13.06.2016

Besvart: 20.06.2016 av samferdselsminister Ketil Solvik-Olsen



Spørsmål

Kjersti Toppe (Sp): Kan statsråden stadfeste korleis folkehelsekonsekvensar vert omsynsvurdert for ulike alternative framtidige utbyggingstiltak innan Samferdselsdepartementets breie ansvarsområde, og spesifikt - som eksempel - stadfeste at folkehelsekonsekvensar vil verte gjort greie for i det føreståanda arbeidet med kvalitetssikring og departementets oppfølging av Jernbaneverkets KVVU for logistikknutepunkt i Bergensregionen?

Begrunnelse

Viser til at Konseptvalgutredning logistikknutepunkt i Bergensregionen, publisert av Jernbaneverket den 8. desember 2015, er på høyring. I KVVU- dokumenta er folkehelse mangelfullt omtalt, berre kort nemnt i ein delrapport, m.a. " at alle statlige sektorer har et folkehelseansvar", men er ikkje forsøkt omsynsvurdert. I Folkehelselova av 24. juni 2011, er folkehelse konstatert som eit overordna og tverrsektoriell ansvar. Riksrevisjonens undersøking av offentlig folkehelsearbeid (Dokument 3:11(2014-2015) viser til behovet for å styrke arbeidet med å forankre folkehelse på tvers av sektorar gjennom synleggjering av helsekonsekvensar knytt til ulike sektorars ansvarsområde.



Svar

Ketil Solvik-Olsen: Effektiv samferdsle er viktig for god samfunnsutvikling, og for å skape robuste regionar med levedyktig næringsliv og gode offentlege tenester. Utvikling av gode lokalmiljø krev samordning med ein miljø- og helsevenleg areal- og transportplanlegging. Det overordna målet med eit nytt logistikknutepunkt i Bergensområdet er å leggje til rette for meir miljøvenleg godstransport og overføring av gods frå veg til bane. Isolert sett kan etablering av ein ny godsterminal ha negativ lokal areal- og miljøpåverknad. Samstundes vil ei eventuell flytting av terminalen frå Nygårdstangen bidra til betre bymiljø og arealutvikling i Bergen sentrum. Miljø- og støyulempene av ein godsterminal må difor vegast opp mot fordelane meir effektiv godstransport på jernbane og redusert tungtrafikk på veg gir samfunnet totalt sett. Formålet med KVVU-prosessen er å veie alle desse omsyna mot kvarandre.

I KVVU for logistikknutepunkt i Bergensregionen er det gjort vurderingar av konseptuell løysing og lokalisering av framtidig jernbaneterminal og godshamn for Bergensregionen. KVVUen har ei konseptuell tilnærming, og følgjer metodikken som er fastsatt av Finansdepartementet. Geografisk plassering av terminalar og infrastruktur er greidd ut, men berre på overordna nivå. Det er ikkje gjort særskilde vurderingar spesifikt knytt til folkehelse i KVVU-arbeidet. Jernbaneverket opplyser at fleire tema relatert til folkehelse likevel er vurdert i ulike delar av konseptanalysen. Under dei ikkje prissette verknadene er det mellom anna gjort vurderingar av ulike konsept og lokaliseringalternativ sine konsekvensar for nærmiljø og friluftsliv, her under støy. Konsekvensar for luftforureining inngår også som ein sentral del av vurderingsunderlaget. Når lokalisering av logistikknutepunkt går over i neste planfase, til dømes i form av ein kommunedelplan, vil tema som oppveksttilhøve, lokalsamfunn, livskvalitet, trivsel og helse, samt miljøgifter og stråling, inngå i ein konsekvensutgreiing, som er ei grundig utgreiing fastsatt som eit lovkrav i plan- og bygningslova.

KVVUen er no til ekstern kvalitetssikring (KS1), samstundes som det blir gjennomført ei brei høyring av utgreiinga. På bakgrunn av tilrådingane frå Jernbaneverket, den eksterne konsulenten og høyringsinnspela, vil Samferdselsdepartementet ta stilling til saka.